

# Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR  
NR. 1 – MARS 2008 – 11. ÅRGANG



**Seterbrukarane – noko heilt for seg sjølv?**

**Side 3**

**Marikroken seter i Engerdal**

**Side 4 og 5**

**Bondens gull – seterkonferansen 2008**

**Side 8**



## Seterbrukaren

kjem ut fire gonger i året. Neste utgåve kjem i juni, med frist for stoff og annonsar 15. mai.

## Bruk Seterbrukaren

Vi minner nok ein gong om at spaltene i Seterbrukaren er opne. Innlegg, artiklar, reportasjar, og ikkje minst bilete trengst om vi skal gjera bladet interessant og nyttig. Vi ynskjer å formidle mest mogeleg av det som skjer i "seterlandet", og oppmodar difor alle som er involvert i/kjenner til seterarrangement sommaren 2008 om å gjera det kjent gjennom Seterbrukaren og nettstaden [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

## www.seterkultur.no

er nettstaden for seterbrukarar som treng marknadsføring av seterprodukt og stølsopplevingar ("Til seters") og formidling av m.a. arbeidshjelp på setra ("Markedsplassen").

## Seterkonferansen 2008

Går av stabelen på Røros 23.-24. mai. Det spennande programmet bør interessere mange, og påmeldingsfristen er 1. mai.

Sjå detaljert program på sistesida.

# Jordbruksforhandlingene 2008

Vi står foran jordbruksforhandlingene 2008, av mange utnevnt som de mest utfordrende og viktige på mange 10 år. Samtidig som norsk landbruk fortsatt utvikles p.g.a at man sliter med dårlig inntjening, så øker etterspørselen etter mat internasjonalt med påfølgende prisoppgang på råvarer. Den økte fokus på energibruk vil fremover bare forsterke etterspørselen i Norge på mat produsert her i landet.

Det blir en utfordring å gjøre de rette grep med så mange og raskt skiftende rammebetingelser. Styret i Norsk Seterkultur har gitt sine innspill til forhandlingspartene. Det er gjengitt et annet sted i dette nummeret av Seterbrukaren.

Vi har en ekte framtidstro på seterdrifta i Norge. Det er en driftsmåte som utnytter lokale fornybare ressurser og som ligger tilgjengelig for bonden uten for store kostnader. Setra produserer unike produkter i form av mat med høy kvalitet og ikke minst opplevelser og et landskap som blir stadig mer etterspurt. Vi kan ikke se at noen skal ha noen interesse til ikke å foreslå støttetiltak som ytterligere stimulerer til setring.

Det har dessuten flere steder skjedd en positiv utvikling med hensyn til å styrke setringa da deler av den politiske verk-tøykassa ble regionalisert gjennom Regionale Miljøprogram. Ordningen stimulerer til at både myndigheter og organisasjoner deltar konstruktivt siden det er lettere å påvirke og få til målrettede virkemidler regionalt og lokalt. Man opplever å bli hørt og ser at støtteordningene blir mer relevante. Satsinga på seterdrift i Trøndelag er et tydelig bevis på en virkemiddelbruk som fungerer. Jeg håper at det legges merke til, siden de fleste klager over at jordbruksavtalen som et politisk verktøy for å gjennomføre en ønsket landbrukspolitikkk stort sett ikke fungerer.

Stein Brubæk

# Grønt Spa'tak

Natur og Ungdom (NU) og Norsk Bonde- og Småbrukarlag (NBS) har arrangert Grønt Spa'tak kvart år sidan 1993. Føremålet med prosjektet er formidling av sommararbeid til ungdom som er interesserte i jordbruk, drive opplysningsarbeid kring jordbruks- og rovdyrsspørsmål, betre samarbeidet og auke engasjementet mellom jordbruksnæringa og miljøørsla og stimulere til eit meir miljøvenleg jordbruk.

Miljøørsla og jordbruksnæringa har ofte stått steilt imot kvarandre i saker som skogvern og rovdyrskaka, trass i at dette har vi hatt eit viktig og godt samarbeid dei siste åra på spørsmål som jordbruksavtalen i WTO og EU-spørsmål. Grønt Spa'tak har vore med på å bidra til det gode samarbeidet.

Sidan 1993 har rundt 800 ungdom vore utplassert på setre, gardar og i beitelag. Desse ungdommane hadde kanskje aldri fått sjansen til å verte kjent med livet på setra og fått eit innblikk i korleis det er å produsere mat på ein miljøvenleg måte.

## REISE/OPPHALD

Alle deltakarar (både på seter, gard og beitelag) skal vere utplasserte i minimum 10 dagar. Nokre er med i lengre periodar



Fornøgdde "spatakistar" på setra.

enn dette, men 10 dagar er den vanlegaste tida. Prosjektet sentralt (altså vi som arbeider med Grønt Spa'tak i Oslo) vil stå for fordeling av deltakarar på dei ulike vertskapa ut frå ønskje frå alle partar. Dette blir gjort så snart som råd etter påmeldingsfristen for deltakarar er gått ut 15. mai. Talet på deltakarar pr. vertskap pr. "omgang" er opp til vertskapet. Det vanlegaste er at deltakarane melder seg på to og to saman, men det er også nokre som vil være tre og tre eller fire og fire i lag. Vertskapet tek berre imot så mange deltakarar dei sjølv meiner å ha kapasitet til.

Framhald side 5

## Styret:

Stein Brubæk, leiar  
6636 Angvik, tlf. 71 29 27 32/91 56 32 59  
[sbrubaek@c2i.net](mailto:sbrubaek@c2i.net)

Oddveig Eggen  
2550 Os i Østerdalen Tlf. 62 49 71 86  
[post@spellmoen.no](mailto:post@spellmoen.no)

Odd Arne Espeland, Jondal  
5627 Jondal Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55  
[odar-esp@online.no](mailto:odar-esp@online.no)

Geir Grosberg  
2640 Vinstra. Tlf 92 89 26 65.  
[ggrosber@online.no](mailto:ggrosber@online.no)

## Varamedlemmer

Wenja Rui, 3864 Rauland, tlf. 35 07 31 20 / 90 66 17 15  
[wenjarui@combitel.no](mailto:wenjarui@combitel.no)  
Siv Eggen, 7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85.  
Marit Hoel, Skrenten 7D, 6411 Molde – Tlf. 71 24 46 04  
[hoel.marit@c2i.net](mailto:hoel.marit@c2i.net)

## Utgjevar:

### Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57

E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)  
[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

Bankgiro: 2367 20 51169

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS

Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.

Framsidedfoto: Mats Lund.

## Kontakt:

Grønt-spa'tak vert organisert før sommaren av spa'tak-koordinatoren, som vanlegvis er ein person med tilhørsle til NU, tilsett av NBS. I år er det Eyvind Søråa, som kan verte kontakta på telefonnummer 23 32 74 16/95 27 79 08 eller e-post: [spatak@nu.no](mailto:spatak@nu.no).

Heile sommaren vil det sitje ein kontaktperson i Oslo som har ansvar med å følgje opp deltakarane medan dei er utplassert, og som kan verte kontakta om noko skulle oppstå.

Påmeldingsskjema for vertskap som har vore med på prosjektet dei seinaste åra vert sendt ut i byrjinga av året, medan andre interesserte som ikkje har vore med før kan ta kontakt med spa'tak-koordinatoren for påmelding.

# Seterbrukarane – noko heilt for seg sjølv?

AV KAROLINE DAUGSTAD  
NORSK SENTER FOR BYGDEFORSKNING

Det aktive norske seterbruket formar landskap og bygningar, opprettheld og vidareutviklar tradisjonar og kunnskap. Seterbruket har no utan tvil fått eit nasjonalt fokus som noko særprega for landet og som vi må ta vare på. Seterbrukarane – som forvaltarar og næringsutøvarar – har her ei nøkkelrolle. Men seterlandet er variert. Nokre seterområde ser mest ut som nasjonalromantiske måleri, mens andre stader er seterområda eit produksjonslandskap som liknar det ein finn i bygda elles. Er seterbrukarane også ulike? Har dei forskjellige syn og prioriteringar i høve til drifta og landskapet dei brukar? Eller er det å vere seterbrukar ein eigen "bondeform" som ikkje skil seg frå seterområde til seterområde? Dette er nokre av spørsmåla som har vorte sett på i eit forskingsprosjekt der ein har studert to seterområde spesielt; Budalen i Sør-Trøndelag og Golsfjellet i Buskerud. Forskarar frå tre forskingsinstitutt har i samarbeid sett på forvaltings- og plansystem i dei to områda, status for natur- og kulturverdiar, og seterbrukarar og andre aktørar sitt syn på seterbruket og –landskapet.

## SETERBRUKARAR OG ANDRE BØNDER

I eit tidlegare forskingsprosjekt ved Bygdeforskning har Hilde Bjørkhaug sett på kva som kan kjenneteikne den mest typiske bonderolla i Norge. Ho finn at innafør ei slik forståing er det å produsere og sjølv arbeide på garden viktig, ein skal helst kjenne landbruket frå "innsida" det vil seie vere fødd inn i bondeyrket, og vidare er "den typiske bonden" svært bevisst si rolle som eigar av gard og grunn. Det er sterk tradisjonsbinding i denne rolla, ein driv garden etter prinsippet om å produsere mat og fiber på ein mest mulig rasjonell og økonomisk måte. Men det finns andre bonderoller eller –former som skil seg frå den typiske. Her finn ein større innslag av dei som ikkje har eiga familietilknytning til garden, kvinnelege bønder skil seg også ofte frå den typiske bonderolla, og bønder som også har hatt ei anna karriere i tillegg til bondeyrket. Dei utypiske bøndene er mindre tradisjonsbundne og her finn ein større innslag av dei som tenkjer næringsutvikling på garden på nye måtar.

Kan ein finne dei same skilnader i typisk og utypisk bonderolle innan gruppa seterbrukarar? I dei to områda som er studert i dette forskingsprosjektet skulle ein i utgangspunktet tru at seterbrukarane – bøndene – var svært ulike. Golsfjellet som seterområde er prega av fôr-dyrking i relativt stor skala, her er det rundt 1000 hytter og fleire overnattingsbedrifter. Rundt 40% av dyrkingsarealet til



Sunnerdalen mot Hogna i Budalen. Foto frå Budal fjellstyre sine heimesider.

bøndene i Gol ligg på Golsfjellet. Her er hverken dyrkings- og haustingsmetodar vensensforskjellige frå på garden heime. Dei fleste som har seterrett har eit seterhus, fleire har moderne mjølkingsanlegg på setra. Nokre seier til og med at dei har bedre og nyare fjøs på setra enn heime på garden. Landskapet på Golsfjellet er slakt og udramatisk, høgdeforskjellen frå bygda er berre nokre hundre meter – og reisa til seters er enkel for dei fleste.

Seterdalane Budalen og Endalen som høyrer til bygda Budalen i Sør-Trøndelag er i utsjånande nokså ulikt Golsfjellet. I desse dalføra ligg setrane spredt langs ein dal som strekkjer seg opp til høgfjellet. Det er høgt over havet, lite innslag av moderne seterfjøs, og det er freistande å sjå for seg at setertuna med tilhøyrande landskap er "arrangert" for å passe inn i eit fint måleri. Men seterlandskapet er absolutt i bruk. For dei langt fleste mjølkeprodusentane i bygda er det nødvendig å bruke setra for å få nok areal til beite. Mange seterkveer blir slått, men dei fleste har dyra i utmarksbeite. Det er lite storflatedyrkingsfelt. Femten-tjue setrar driv mjølkeproduksjon. Hytter er det svært lite av, men ei gryande seterturisme er på gang. Store delar av seterdalane er verna som landskapsvern områda etter Naturvernlova. Ein skulle forvente at den typiske bonderolla med fokus på høgtytande produksjon var meir tilstades på Golsfjellet enn i Budalen, og kanskje skulle ein ikkje tru at "rekreasjonseffekten" gjennom setersesongen var spesielt utprega for Gol-seterbrukaren. Kanskje seterbrukarane i Budalen på si side ville vere meir opptatt av landskap og halde bygningar og areal i god stand, og modernisere utan å øydelegge eit småskala preg for å vere tru mot tradisjonane så vel som å sikre vedlikehald av eit estetisk tiltalende rekreasjonslandskap.

## FELLES ORIENTERING

Funna frå intervju med seterbrukarar i Budalsområdet og på Golsfjellet viser i overraskande grad ei felles verdiorientering. For alle er den viktigaste verdien i seterbruket å få tilgang til areal for å halde gardsdrifta i gang, dernest å føre tradisjonane frå tidlegare generasjonar vidare, og ikkje minst er setersesongen eit kjærkome avbrekk og skifte av arbeidsstad som er viktig for bonden. Det er like godt å kome på setra for ein som kjem til ei nybygd seterbu i hyttestil med ein moderne mjølkestall i fjøset som det er for ein budalsseterbrukar å kome til det lafta tunet med mjølkemaskin på aggregat. Seterlivet er livskvalitet for seterbrukaren, det er her ein samlar familien. Utflytta vaksne ungar kjem tilbake med sine ungar til barndomens seterliv, dette sjølv om rammene rundt ser forskjellige ut. Både i Budal og i Gol er seterbrukarane opptatt av korleis landskapet ser ut og kjempar ein stadig kamp mot attgroinga.

Norske seterbrukarar er sjølv sagt ulike slik som alle folk er ulike. Ein har ulike idear, ulik bakgrunn og ressursar å spele på. Men som gruppe er norske seterbrukarar meir like enn ulike, og meir like enn norske bønder generelt. Kan det ha noko å gjere med at den som vel å drive seter i utgangspunktet er annleis enn "bønder flest"? Tala fortel oss i alle fall det med rundt 1300 setrar av totalt omlag 50 000 gardsbruk i drift. Seterbrukarane – dei som enno finns – er ein minoritet. Og når ein vel og halde stand er det kanskje noko som foreinar seterbrukarane uansett ressursgrunnlag eller type seterområde. Så kanskje er det ikkje berre norske seterlandskap og den aktive driftsforma som er sær-eigen, kanskje er sjølv seterbrukaren like særprega.

# Marikroken seter



Buføring med Engersjøen og Tverrfjellet i bakgrunnen. Foran fra venstre: Silje Lillestu, Mona Lund (budeia), Ola Lund og Embret Lund. Foto: Arne Lund

Setra Marikroken i Engerdal ligg 830 meter av havet i eit område med både fin natur og mange kulturminne. Namnet har setra fått etter Hylleråsens første fastbuande, Ås-Maria. Setra har m.a. ei forhistorie som felleseter for geit sidan 1963, men sjølv om dagens drivarar, Mona og Arne Lund, har ein liten geitflokk – så er det kyrne som dominerer på setra i dag. Vi har hatt ein prat med Mona og Arne medan snøen framleis ligg metertjukk på setervollen, og dei fortel at dei ser fram til nok ein sommar på setra. – Både vi og dei tre gutane (13, 16 og 19 år) våre trivst på setra, både når vi nyter ro og fred og friluftsliv der og når vi inviterer gjestar til arrangement og til å oppleve seterliv og seterkost, fortel dei engasjerte seterbrukarane.

## STARIA SOM FELLESETER FOR GEIT

Seterhistoria går tilbake til 1963 da Marikroken vart etablert som felleseter for geit av Sigrud og Olaf Lund saman med Juul Kåre og Engebret Lund. Første åra var husa provisoriske, men i 1964/65 vart det bygd fjøs for 120 geit og 30 killingar, i 1966/67 seterstue og uthus/ystehus i 1970. Frå 1963 til 1986 var Marikroken først og fremst geit-

seter, med eit par kyr i tillegg frå 1970 til å dekke matbehovet. Frå 1987 overtok kyrne og fram til 1999 var det berre kyr på setra, men da fekk eldsteguten Mats nokre geit – og sidan har det vore ein liten geitflokk der. Mona og Arne fortel at buskapen sist sommar besto av 16 kyr, 3 kviger, 7 kalvar, 8 geit og 5 killingar – og i tillegg 4 endre og småørret i dammen. Husa på setra har vorte gradvis forbedra og tilpassa nye krav, m.a. med godkjent ystehus.

Det er om lag ni kilometer mellom garden deira, Strandsjø, og setra. Mona og Arne fortel at dei har ein mjølkkvote på 80 tonn og at dei vanlegvis har 16 kyr av NRF-rase. Dei forar ikkje opp anna enn kalvane som skal påsetjast, resten blir selt. Også denne våren har dei åtte geit og sidan dei ikkje har geitkvote og dermed foredlar all mjølka har dei sein kjeing. Dei har bygd ystehus både heime på garden og på setra, og geitosten – både kvit og brun er svært populære. Arne fortel at dei har om lag 50 dekar fulldyrka jord heime, i tillegg til 14 dekar oppdyrka vår og haustbeite inntil dei areala som blir slegne. På setra er det dyrka opp 55 dekar. Vidare leiger dei 80 dekar og er i tillegg med

i Hylleråsens fordyrkingslag som har dyrka opp 300 dekar myr. I dag er det fem bruk so driv dette i lag, og laget har investert i maskiner og ei stor høytørke, der ein i mangel av straum må nytte dieselmotorar til å drive tørkeiftene. I gode somrar blir det meste av avlinga til høy, men av og til er veret slik at ein må ty til rundballing, fortel Arne.



Dagens brukere på Marikroken, Mona og Arne Lund.

# i Engerdal

## LOKAL FOREDLING OG TURISME

I tre somrar har Mona og Arne invitert gjestar til setra. Gode setervegar fører opp til setra fra riksveg 26, der ein tek av like ved kommunegrensa mellom Trysil og Engerdal. Det er ca. 7,5 kilometer til setra, og det er skilta både ved riksvegen og ved setra. På turen opp til setra passerer ein nokre av dei kjente Røfallene. Det er mange, både norske og utlendingar, som ferierer i dette området, så tilbodet på Marikroken har vorte svært godt mottatt. Saman med fire andre setre i Engerdal satsar dei no på ein del felles marknadsføring. Mona og Arne fortel at dei i første omgang har valgt å ha ope søndagane i juli,

og da byr dei på seteropplevsar og høve til å ete så mykje av seterkosten som ein vill! Alt er heimelaga tradisjonsmat. Dessutan har dei eit opplegg for forhåndsbestilte grupper, opp til 15 personar, utanom søndagane. Dette tilbodet har også fungert godt, og dei reknar med å satse ein del på grupper for det er greitt å planlegge og relativt enkelt å tilpasse seter- og gardsdrifta elles.

- Vi bor og trivst på setra frå midten av juni til ut i september, og det betyr mykje for oss også ha setra for oss sjøl. Derfor sett vi grenser for tilleggsnæringa på setra. Drifta av garden og setra krev mykje, ikkje minst i onnene, og da er det godt å nyte livet på

setra, gjerne kombinert med fisketurar i nærområdet, seier Mona og Arne. Det er Mona som tek seg mest av garden i det daglege, for Arne arbeider full tid som journalist i lokalavisa. Arne har elles lang fartstid som tillitsvalgt i Tine, mange år som lokalpolitikarar - m.a. varaordfører i Engerdal og vi veit at han har skreve to bøker med tema jakt, fiske og kulturhistorie som er gjevne ut på Trysilforlaget. Såleis har vi her med "mangesysleri" å gjera, der bruken og utviklinga av setra står svært sentralt, både for trivsel og i nærings samanheng. For den som vil vite meir om setra Marikroken anbefaler vi heimesida: [www.marikroken.no](http://www.marikroken.no)



I seterstua, Marit Skogheim, tidligere turistsjef Stig Kvebæk fra Trysil og Mona Lund.



Fremst i flokken av ryttrarar, Hege Storsnes og Åge Hornsletten.

## Grønt Spa'tak

### LOMMEPEGAR

Kvar deltakar får 400 kroner i lomme pengar for å delta. Prosjektet sentralt dekkjar lomme pengane deira, som vert utbetalt etter at deltakarane har sendt inn evalueringsskjemaet som dei får frå oss. Dei som er vertskap skal altså ikkje ha utgifter til løn til deltakarane.

### ARBEID OG ARBEIDSOPPGAVER

Sjølv om deltakarane får lite løn, er det meininga at dei skal jobbe den tida dei er på Grønt Spa'tak. Dette er ein "arbeidsferie" der dei får praktisk erfaring med korleis det er å vere gardbrukar i dag, og/eller korleis det er å ha sauer på beite i område med rovdyr. De må ikkje vere redde for å vente ein viss innsats av dei.

Likevel er det viktig å understreke at spatakistane ikkje er "billig arbeidskraft". Mykje av årsaka til at dei reiser,

er at dei skal få oppleve noko nytt og lære om seterdrift, gard eller beitetilsyn. Det er viktig at ungdommane trivst og får det bra medan dei er utplassert. Den beste måten å få til dette på er sjølv sagt å ha ein god dialog med dei som kjem. Vertane må gje dei god opplæring i oppgåvene dei skal utføre slik at dei føler at dei taklar det dei skal gjere.

Like viktig er at dei tek seg tid til å diskutere og snakke med ungdomane om jordbruks- og rovdyrpolitikk (rovdyrproblematikken gjeld i første rekke beitelaga). Vi har som mål at deltakarane skal få eit skikkeleg innblikk i kva utfordringar og problemstillingar ein står overfor når ein vil drive matproduksjon i eit land som Noreg, og kva krefter som gjer det vanskeleg. Då er de som til dagleg arbeider midt oppe i det gode kjelder til kunnskap og meir forståing. Deltakarane vil få utdelt skuleringsmatriell

der dei skal få ein introduksjon til dei tema som er aktuelle. Kvifor er bruk av utmark miljøvenleg? Kvifor ønskjer vi ikkje eit industrialisert jordbruk i Noreg, og kva kan vi gjere for å unngå det? Kva krefter pressar på for å gjere jordbruket meir økonomisk effektivt, og dermed rasere den lokale matproduksjonen over heile verda?

### MAT

Det er vertskapet (dvs. setra, beitelaget eller garden) som skal dekke utgiftene til mat. Dei som skal på beitetilsyn og bu i fjellet åleine, handlar som regel mat saman med beitelaget før dei reiser til fjells. For å unngå problem kjem vi å gje deltakarane ei liste med fornuftig beitetilsyn-mat, og håpar samstundes at de som er beitetilsyns-vertskap sørgjer for å gjere gode og klare avtalar med deltakarane.

*Framhald frå side 3*

# Om seterdrift og setertilskudd i Nord-Trøndelag

Av Erik Stenvik, seniorrådgiver ved fylkesmannens landbruksavdeling.

Det har vært en kraftig økning i antall setre i drift i Nord-Trøndelag de siste åra. Denne utviklinga har sammenheng med sterkere støtteordninger for seterdrift under Regionalt miljøprogram for jordbruket i Nord-Trøndelag fra 2005.

I oppdraget fylkesmennene fikk av Statens landbruksforvaltning i samband med utvikling av virkemidler under Regionalt miljøprogram i 2004 var to områder særskilt prioritert for å ta vare på verdiene i kulturlandskapet, det ene var beiting og det andre var seterdrift. For hundre år siden var det omkring 1500 setre i drift i Nord-Trøndelag, men god tilgang på arealer i bygda, rimelig handelsgjødsel og meieridrift førte til sterk reduksjon i antallet, særlig etter krigen, og på dette tidspunktet var det kun 13 setre med melkeproduksjon igjen i fylket. Det fantes imidlertid fortsatt et stort antall setre med bygninger i varierende tilstand.

I Nord-Trøndelag ble det lagt stor vekt på tilskuddsordninger som stimulerer beiting og seterdrift, og for å få i gang ny drift på nedlagte setre var det nødvendig med nytenking og sterke virkemidler. Det ble innført miljøtilskudd til beiting både på innmark og i utmark, og setertilskudd som varierer fra kr. 15000 til kr. 50000 avhengig av driftsform og miljøgevinst. Det høyeste tilskuddet gis til såkalte besøkssetre, der det ikke stilles



Skarlandsetra i Høylandet kommune.

krav til omfattende produksjon, men derimot at setra er bebodd, at det foregår melking og videreforedling, og at det bekjentgjøres at besøkende ønskes velkommen. Allerede i 2005 var 10 slike besøkssetre i drift og i 2007 var 32 av i alt 44 setre av denne typen. De fleste av disse setrene har ligget ubrukt i mer enn femti år, og det er foretatt betydelige investeringer. Tre helt nye komplette seteranlegg er bygget opp igjen. Det er særlig Snåsa og Leksvik som peker seg ut som seterkommuner, men det er også setre i drift i Stjørdal, Levanger, Steinkjer, Verran, Høylandet, Lierne og Røyrvik.

Beiting og seterdrift er prioriterte områder

innen dagens landbrukspolitikk. Dette har sammenheng med ei sterkere vektlegging av miljøverdiene i kulturlandskapet og større vekt på natur- og kulturbasert næringsutvikling. Seterdrift er et godt utgangspunkt for utvikling av ny virksomhet som kan gi verdifullt økonomisk bidrag til samla økonomisk resultat på garden. I en slik sammenheng er det ikke nødvendigvis omfanget av produksjonen av kjøtt eller melk på setra som vil være utslagsgivende, men snarere kvaliteten på de opplevelsene som tilbys. Forskrift og retningslinjer for miljøtilskudd til jordbruket i Nord-Trøndelag finnes på: <http://fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=24268>

## Innspill til jordbruksforhandlingene 2008

Norsk Seterkultur (NSK) ble stifta den 20. mars 1999 og er den eneste organisasjonen for seterbruket i Norge. Organisasjonen har hatt to klart definerte mål:

1. bygge opp en interesseorganisasjon og et faglig nettverk
  2. utvikle et info- og kompetanseredskap.
- Setra er i mange sammenhenger utstillingsvinduet for norsk natur, kultur og matproduksjon. Rundt 1850 var det over 100.000 setre i Norge, mens i dag er det bare ca 1350 igjen. NSK har i dag ca 450 medlemmer. Det er likevel gledelig å registrere at i deler av landet så øker igjen antallet aktive setre.

Styret i Norsk Seterkultur vedtok følgende uttalelse til Jordbruksforhandlingene i sitt møte i Trondheim den 18. feb. 2008:

### Pris

NSK mener at handlingsrommet som har oppstått gjennom at det er økt etterspørsel etter melk og at prisene øker internasjonalt må utnyttes moderat. Erfaringer viser at en økt råvarepris kan resultere i en betydelig

høyere pris til forbrukerne. Mellomledda har vi ingen styring med og bonden blir av folk flest gitt skylda for økningen av matvareprisene. Vi frykter også at Staten kan benytte en situasjon hvor råvareprisen økes sterkt til å redusere budsjett-støtten til landbruket.

Vi ber også partene drøfte muligheten for at setermjølka får en høyere pris.. Om det er en like positiv holdning til seterdrift og råvarene som produseres der som for eksempel til økologisk drift og økologisk melk, kan det være aktuelt å bruke samme prispolitikk, nemlig å gi en høyere pris selv UTEN at denne melka kommer ut i butikk som eget merke. NSK mener at det er vilje i markedet til en høyere pris for seterprodukter og har utfordra Tine til et samarbeide med det som mål å få setermjolk ut i butikk som egen vare.

### Utmarksbeite

Med den sterke fokus på gjengroing av kulturlandskapet mener NSK at det vil være en bred folkelig og politisk støtte på å innføre et nytt beitetilskudd som stiller krav om utmarksbeite.

### De regionale miljøprogrammene

NSK ønsker at bevilgningene til RMP øker. Regionaliseringen av tilskuddsordningene har vært svært vellykket, og bl.a. ført til at antallet setre har økt sterkt i Nord-Trøndelag som en følge av bevisst bruk av midlene. Dette er et sjeldent eksempel på at virkemidlene har gitt den ønskede effekt innen landbrukspolitikken. I tillegg skaper det større lokalt og regionalt engasjement siden man opplever at støtteordningene både blir mer lokalt målretta og at medvirkning er mulig.

Vi vil i tillegg be forhandlingspartene initiere en debatt rundt det faktum at det nå dukker opp flere typer setring, for eksempel setre KUN med beiting og/eller turisme. Strategier rundt ny næringsutvikling så vel lovendringer har stimulert til slike løsninger. Både landbruksmiljøet og byråkratiet på alle 3 forvaltningsnivåer treng en slik debatt.

# Utfordringer i samarbeidet mellom seterbrukarar og miljøbevegelse

**Norsk seterkultur har i mange år samarbeidet med Natur og Ungdom (NU), og vi presenterer her talen Stein Brubæk, leder i Norsk seterkultur, holdt til siste årsmøtet i NU.**

- Til daglig holder jeg til på Nordmøre, hvor jeg driver en gård med melkeproduksjon fra ku og geit i ei lita bygd som heter Angvik. Der foredlar jeg melka i mitt eget meieri og omsetter ost, smør og rømme fra lokale markeder. Altså ganske kortreist mat. Jeg har av de gamle norske kurasene, Røsosku og Vestlands fjordfe, som er spesialister til å utnytte lokale beiteressurser. Om sommeren driver jeg støl i Torbudalen, på vestsida av Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark.

NSK samarbeider med NU og Småbrukarlaget i prosjektet "Grønt Spatak" hvor NU medlemmer får et tilbud om å bo og delta i arbeidet på setre noen uker om sommeren. Under oppholdet gis det et tilbud om praktisk arbeide med stell og melking. Intensjonene er også at man skal ta opp og diskutere temaer som ressursutnytting, beitebruk, rovviltpolitikk, kortreist mat, internasjonal solidaritet, dyreetikk etc. Kort sagt, temaer som i stor grad berører både NU og NSK. År om annet har 80-90 ungdommer fått oppleve seterlivet gjennom prosjektet "Grønt Spa'tak".

Dette er et samarbeide som vi i NSK setter pris på. Vi lever av naturen alle samme; - vi kanskje litt mer direkte enn dere. Men vi er alle opptatt av at den også i fremtida skal være inntakt og i balanse. Derfor er kampen som dere gjør også for oss så viktig. Vi ønsker å fortelle at vi legger merke til dere og støtter dere i arbeidet dere gjør. Vi legger så godt merke til dere at vi har synspunkter på den miljøpolitiske plattformen som dere skal arbeide etter.

Siden jeg ikke får anledning til å delta i debatten på mandag vil jeg bruke denne anledningen til å gi noen kommentarer sett fra Norsk Seterkultur sin side.

I all hovedsak vil NSK støtte den miljøpolitiske plattformen dere foreslår. Vi står bak dere i grunnsyn. Vi støtter dere i synet på biologisk mangfold. Ja, vi stølsbrukere lever faktisk av dette og tror at det beste måten å ivareta naturen på er gjennom fornuftig bruk av den.

Men utvikling avhenger av debatt og meningsbrytning. Derfor vil vi også ta opp og diskutere med dere de sakene vi er uenige med dere om. Derfor vil jeg utfordre dere grundig debatt rundt rovdyrstasjonen i Norge. Seterbrukere har alltid levd tett inntil rovdyra, - og vi mener vi også i fremtida skal klare dette. Men utviklinga slik den foregår i dag kan ikke fortsette. Jeg vil derfor utfordre dere til å se rovdyrpolitikken ut i fra at vi i fremtida antageligvis får et større internasjonalt press på at vi skal bruke den norske utmarka til beitebruk og matproduksjon.

Vi har fram til nå hatt en situasjon med overflod av mat i Vesten Vi har aldri har hatt behov for å tenke annet enn at maten kan vi importere billig på et internasjonalt marked. Den tiden tror jeg er ugjenkallelig over. Med de globale endringer vi i dag ser - klima, tørke, utarming av dyrka jord samtidig med forrykking av markedsrett gjennom at Kina og India får økt kjøpekraft, er jeg ikke i tvil om at dette får store konsekvenser for vår matproduksjon. Det blir krevd av vi må legge om jordbruket vårt og gjøre oss mer uavhengige av importerte innsatsfaktorer som olje og kraftfor. De mest gunstige

jordbruksområda i verden vil måtte produsere menneskemat, og ikke dyrefor og biodiesel. Dessuten blir transporten i fremtiden kostbart.

I Norge er 97% av arealet vårt utmark som ikke er dyrkbart. Men der vokser gras, lauv på skog og fjellbeiter. Det globale behovet for mat, og ikke minst kravet om større internasjonal solidaritet når det gjelder fordelingen av ressurser i verden, vil legge et økt press på Norge til at vi skal utnytte våre egne ressurser til å øke selvforsyningsgraden, ja økofilosofen Sigmund Kvaløy Setereng sier faktisk at utmarka i Norge må bli Europas kjøtt-kammer!

Europas dyrkingsjord blir brukt til korn og grønnsaker til menneskemat...og så lenge vi mennesker ikke kan utnytte klorofyllet i gras og lauv, treng vi husdyra til å omforme denne fornybare ressursen i utmarka vår til menneskemat i form av melk og kjøtt.

I 2007 har import av kjøtt i Norge nådd 19 000 tonn. Dette utgjør 10 % av det den norske produksjonen og forventes økt til 25 000 tonn i 2008. Og samtidig gror den norske utmarka igjen. Dette medfører en reduksjon i det biologiske mangfoldet og ikke minst reduserer det opplevelsesverdien av og trivselen ved å bruke utmarka vår. Jeg sier ikke at rovviltsituasjonen alene er årsak til dette, men det er en vesentlig del av problemet. Enkelte plasser i Norge er rovviltsituasjonen den viktigste årsaken til at vi i Norge ikke klarer å høste våre lokale beiteressurser. Produksjonen av kjøtt går ned og import legger beslag på betydelig jordbruksland i andre deler av verden, med den konsekvens dette har for transport og forurensning, og ikke minst at vi er så kjøpsterke at vi tar maten fra de som trenger den mer enn vi gjør.

Dette forhold kommer til å bli et vesentlig bidrag til framtidens rovviltdebatt i Norge og jeg anmoder dere om å være i forkant av denne debatten. Jeg utfordre dere til å lage til et miljøpolitisk program hvor det klarere går fram at dere ser det viktigere å arbeide for

en internasjonal solidarisk ressursfordeling enn å bevare store rovviltstammer i Norge. Jeg utfordre dere til å si at beitedyra og matproduksjonen er viktigere enn å ha store stammer av rovvilt. Jeg utfordre dere til å være de som viser vei i en heller fastlåst debatt mellom landbruk og miljøvern i Norge.

## Bli med i



### Medlemskontingent 2006

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

### Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjon/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

### NORSK SETERKULTUR


6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57

E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)

Bankgiro: 2367 20 51 169



**Mange av våre produkt har rot i stølskulturen  
og vi støttar Norsk seterkultur  
i arbeidet for denne driftsforma**



aktrombunur - Foto: © Verna Gjersaa

## FORMEL

# FORMEL gir best tilpassing til beite

Rett FORMEL på beite gjør det enklere å:

- Holde ytelsen ved hard beiting
- Holde høgt proteininnhold i mjølka
- Tilføre nødvendige mineraler

<b>FORMEL Favor 28</b>	Til svært godt beite og raigrasbeite med lågt innhold av fiber.
<b>FORMEL Favor 30</b>	Til middels godt beite.
<b>FORMEL Elite</b>	Til middels beite og ønske om høy mjølkeproduksjon. Når beitekvaliteten avtar og kyrne må ha høy kraftforandel i fórrasjonen.
<b>FORMEL Favor 20</b>	Til utmarksbeite og svakt gjødsla beite.

Kraftfôrmengdene må justeres etter utvikling i mjølkemengden, holdet på dyra og beitekvaliteten.



## SETERKONFERANSEN 2008 "Setra - bondens gull"

Fredag 23. og lørdag 24. mai 2008, Bergstadens hotell, Røros

Program

Fredag: Rammevilkåra for setra

- 1200–  
1300 Registrering og lunch  
1300 – 1310 Velkommen til seterkonferansen – Leder i Norsk Seterkultur og Hans Vintervold, ordfører i Røros  
1310 – 1320 Kulturelt innslag med unge musikere fra Røros  
1320 – 1420 Næringsutvikling i tilknytning til seterdrifta  
Den politiske verkøykassa – Ola Borten Moe, stortingets næringskomité  
1420 – 1440 Den nye seterforskriften – Vegard Vigdenes, Norsk Bonde- og småbrukarlag  
1440 – 1500 Muligheter i setra, Jan Ivar Sandnes, Snåsa  
1500 – 1520 Har setermelka kvaliteter som gjør en merverdi mulig? – Tine  
1520 – 1550 Kaffepause  
1550 – 1620 Oppland, Hedmark, Møre og Romsdal bruken av BU-prosjekt midler til utvikling av seterområda.  
1620 – 1640 Statskog – forvalter av seterforskriften  
1640 – 1700 Næringsutvikling i verna områder – Direktoratet for Naturforvaltning  
1700 – 1730 Hvordan jobbe mot reiselivet – Tomas Lillehagen, prosjektleder i blilyst-:)  
1730 – 1800 Turistforeningen og norske setrer – Kristin Krohn Devold, generalsekretær i Den Norske Turistforening  
1800 – 1900 Paneldebatt om fjellpolitikk – Ola Borten Moe, Vegard Vigdenes, DN, Statskog og Norsk Seterkultur  
2000 – Middag med underholdning

Lørdag: De gode eksemplene

- 0730 – 0830 Frokost  
0830 – 0900 Setersatsinga i Nord-Trøndelag, Erik Steinvik Fylkesmannen i Nord-Trøndelag  
0900 – 0930 Hva betyr seterdalene for bygda? Budalen i Sør-Trøndelag  
0930 – 0950 Prisfastsetting av seterbesøk Jorun Hagen  
0950 – 1020 Kaffepause og utsjekking  
1020 – 1040 Veileder for utbedring stølshus – Guri Grønolen, Fylkesmannen i Oppland Etableringsveileder/ Seterhåndbok – Gro Aalbu, Opdal kommune  
1040 – 11.00 Produksjon av trygg mat under enkle forhold – Mattilsynet i Midtre Gauldal  
1100 – 1120 Norsk Gardsost - setring  
1120 – 1130 Avslutning og organisering av kontakt mellom forelesere og deltakere  
1200 – 1300 Lunsj  
1300 – 1500 Forelesere og bedrifter har et 10 min møte med deltakerne fra bl.a: Norsk Gardsost, utstyrsleverandører Mattilsynet, Norsk Seterkultur, Ny seterbruker, Budalsmiljøet, Snåsamiljøet  
Møteleder begge dager: Knut Sjøvold, varaordfører i Malvik kommune

**Påmelding:** Stein Brubæk, 6636 Angvik, tlf. 71 29 27 32/91 56 32 59)  
E-post: sbrubæk@c2i.net. **Påmeldingsfrist: 1. mai 2008**

**Priser:**

Full pensjon (lunsj, middag, frokost og lunsj) Kr. 800.- i dobbeltrom  
Enkeltromstillegg Kr. 250.-  
Dagpakke (lunsj, kaffe): Kr. 300.- per dag  
Middag Kr. 100.-

Påmelding er kun gyldig når betaling er registrert på konto: 2367.20.51169  
De første 90 som melder seg på som er garantert å få delta.

For nærmere opplysninger kontakt Stein Brubæk, leder i Norsk Seterkultur